

Beskriv ein familie

Elev C

De skal først arbeide to og to. Så skal de arbeide saman med eit anna par.

Les teksten din mange gonger. Du skal kunne beskrive familien til denne personen for klassekameraten din.

Når kameraten din beskriv familien til sin person, skal du notere. Du skal så beskrive den personen for dei andre i gruppa.

Eg heiter Karim, og eg er 14 år. Mora mi heiter Sara, og faren min heiter Mohammed. Vi bur i Kristiansand. Eg har ein veslebror som heiter Jonas. Han er 8 år. Eg har ei storesøster som heiter Leila. Ho er 18 år. Farmora mi bur også hos oss. Ho heiter Aisha.



Elev D

De skal først arbeide to og to. Så skal de arbeide saman med eit anna par.

Les teksten din mange gonger. Du skal kunne beskrive familien til denne personen for klassekameraten din.

Når kameraten din beskriv familien til sin person, skal du notere. Du skal så beskrive den personen for dei andre i gruppa.

Eg heiter Tora. Eg er 16 år. Eg bur i Steinkjer saman med pappa, mamma og veslebroren min. Pappa heiter Øyvind, mamma heiter Ann-Kristin, og veslebroren min heiter Oscar. Oscar er 13 år. Eg har ein katt. Den heiter Misse.